



UTVIKLINGSPLAN OGNA SKULE

2022-2023

Innhald

1.	Innleiing.....	3
2.	Om oss.....	4
3.	Nye mål og tiltak for 2022-2023.....	4
3.1	Overordna nasjonale mål.....	4
3.2	Mål for 2022-2023: Dialogbasert undervisning i eit inkluderande fellesskap.....	4
4	Kvalitetsvurdering av Ogna skule 2021-2022	6
4.1	Evaluering av mål og tiltak 2021-2022	6
4.2	Leiing	7
4.3	Undervisning.....	8
4.4	Læringsresultat og læringsmiljø	9
5	Mål og tiltaksplan	10
6	Vedlegg	11

1. Innleiing

Hå kommune sin visjon er «Me løfter i lag» og med dei tre verdiane open, driftig og stolt.



Undervisning i Hå-skulen skal føregå etter forskingbaserte prinsipp om korleis barn og unge tileignar seg kunnskap og dugleikar. Dette skal me få til med å løfta i lag.

Ogna skule sin visjon er «Ogna skule – ein plass for deg» med grunnmuren «eit godt læringsmiljø, tryggleik, fellesskap og respekt.»

Læring skjer saman med andre i trygge omgjevnader. Ogna skule skal vera ein plass der elevane kan veksa, leva, læra og utvikla seg til den beste utgåva av seg sjølv. Det skjer i eit fellesskap prega av tryggleik, fellesskap, respekt, likeverd, omsorg, kunnskap, mestring, utfordringar, samspel, leik, glede, humor m.m.



2. Om oss

Ogna skule er ein kombinert barne- og ungdomsskule som ligg sentralt plassert på Ogna heilt sør i Hå kommune. Rett i nærleiken finn me òg butikk, kyrkje, idrettshall med kunstgrasbane, bedehus og bensinstasjon. Det er eigen togstopp på Ogna.

Skulen er organisert i tre lag (avdelingar) med kvar sin lagleiar. Kvart hovudtrinn er eitt lag; 1.-4. trinn, 5.-7. trinn og 8.-10. trinn. Me har også kantine med fast tilsett kokk, me har eit stort og flott kombinasjonsbibliotek og helvestasjon. Me flytta inn i ny skule 3. januar 2018.

Ved oppstart av skuleåret 2022-2023 har skulen 265 elevar og ca. 40 tilsette.

3. Nye mål og tiltak for 2022-2023

3.1 Overordna nasjonale mål

Sektormål (Kunnskapsdepartementet)

Kunnskapsdepartementet sine mål er retningsgjevande for oss. Dei er konkretisert i læreplanane

- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø
- Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla sitt potensial
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse
- Alle lukkast i opplæringa og utdanninga

3.2 Mål for 2022-2023: Dialogbasert undervisning i eit inkluderande fellesskap

Med utgangspunkt i internasjonal forsking om kva som kjenneteiknar god lærings, bør læringer vere:

- *Aktiv* – slik at elevane utforskar eigne idear
- *Meiningsfull* – slik at elevane ser ting i samanheng og skaper kunnskap

- *Utfordrande* – slik at elevane må tenke
- *Samarbeidsprega* – slik at elevane må samarbeide og dele idear
- *Formidla* – slik at du rettleiar i staden for å diktere
- *Reflekterande* – slik at elevane får tid til å tenke over kva dei har lært

Dialogen støttar opp om alt dette. Elevane er aktive, dei utforskar eigne ideer, ser samanhengar i forhold til eigen kunnskap, dei tenker saman med medelevar, dei utvekslar idear og synspunkt, og dei reflekterer over eigne og andre sine synspunkt. Og ikkje minst bruker dei språket. Dei kan skape ei ny type forståing som ingen av elevane ville kunne klare aleine (Reznitskaya, A. (2012). Dialogic teaching...).

Fagfornyinga legg opp til meir motivasjonsfremmande aktivitetar som leik, praktisk læring, kritisk tenking og dybdelæring. Endring av innhald i faga vil ikkje i seg sjølv føra til dette, det krev praksisendring i klasseromma.

Me ønskjer å utvikle skulen mot meir dialogbasert læring. Dette har me nedfelt i handboka for Ogna skule, men frå skuleåret 2022/23 vil me løfta dette kjenneteiknet på kvalitet spesielt. Skulen skal vere eit læringsfellesskap der alle elevane er aktive, og læringsmiljøet skal vere trygt og godt slik at det er rom for å svare feil.

Elles ønskjer me å få til gode og jamlege samtalar med elevane på alle trinn om korleis dei lærer best. Det er viktig at elevane får vere med og bestemme i alle fasar av opplæringa. Då kan me oppnå den reelle elevmedverknaden som ligg til grunn i Kunnskapsløftet, og som er ei føresetnad for aktive og motiverte elevar.

Me har elles eit spennande partnarskap mellom ungdomsskulane i Hå og Haugstad Tre AS. Dette skuleåret har alle elevane på 9. trinn vore med i elevbedrift på Hubben på Varhaug. Her har me hatt god hjelp frå Ungt entreprenørskap. Her er utgangspunktet gjenvinning av brukte kontormøbler (sirkulærøkonomi).

Elles har me ein praktisk læringsarena i Stokkalandsmarka der me samarbeider med Vigrestad storskule og Varhaug ungdomsskule, og me nyttar i tillegg Møllerhaugen som alternativ læringsarena (denne blir lagt ned frå hausten 2022).

Me opplever at valfag på mellomsteget er populært hjå elevane. Så difor vil me halde fram også neste skuleår, og me ser føre oss at dette vert ei permanent ordning på sikt. Me har også gjennomført opplegget SMART saman med Ungt entreprenørskap på 6. og 7. trinn. Dette vart definitivt ein suksess, og me har allereie lagt inn SMART til skuleåret 2022/2023.

Pr. i dag skjer trening og utvikling for lærarane i stor grad i fellestid på ettermiddagar (PU-tid), og i fellestid på det enkelte trinn. Me har også hatt klasseromsobservasjon på nokre trinn. Dette vil me intensivere komande skuleår.

På same måte som for elevlæring er lærarane og avhengige av spesifikke tilbakemeldingar på arbeidet dei gjer. Til dømes viser lærarundersøkninga i Hå at mange lærarar sjølv synest det er vanskeleg å gje nettopp spesifikke tilbakemeldingar til elevane, og at dei treng å trena på det.

Gjennom refleksjonssamtalar med rektor eller lagleiar, skal lærarane få moglegheit til å reflektera over god undervisningspraksis og til å utvikla seg.

4 Kvalitetsvurdering av Ogna skule 2021-2022

4.1 Evaluering av mål og tiltak 2021-2022

Mål: *Elevundersøkinga skal frå og med hausten 2020 vise at elevane på Ogna skule i aukande grad gler seg til å gå på skulen, liker skulearbeid og har lyst til å læra.*

Me er godt nøgde med måloppnåing om auka motivasjon hjå elevane på Ogna skule. Det er særskilt gledeleg at elevundersøkinga på 7. trinn er den beste nokon gong, men også at elevane på 10. trinn gler seg meir enn landsgjennomsnittet til å gå på skulen.

Me har teke utgangspunkt i handboka for Ogna skule, og ut frå kjenneteikn på kvalitet har me lagt opp til kunnskapsutvikling om praktisk og relevant skule og motiverande undervisning, og gjennom desse prosessane har kvar einskild lærar kome fram kome fram til sine utviklingsområde. Desse har me teke utgangspunkt i på førsamtalet før me sette i gang med klasseromsobservasjon.

Utviklinga av praktisk læringsarena og entrepenørskap i Hubben på Varhaug i samarbeid med Haugstad møbel AS har kome eit stykke på veg i løpet av skuleåra 2020-2021 og 2021-2022. Første året hadde elevane våre på 8. trinn arbeidslivsfag kvar onsdag. Inneverande skuleår har me gjennomført elevbedrift som metode på 9. trinn. Arbeidslivsfaget har då blitt noko utvida for 8. trinn i Stokkalandsmarka.

Skulen si pedagogiske plattform «Handbok for Ogna skule» har etter gode prosessar i personalet blitt til eit grunnlag for korleis me ønskjer at ein god skule skal vera. Dette ønskjer me å vidareføra til neste skuleår med spesielt fokus på dialogbasert undervisning.

Me håpar å kunne gjennomføre klasseromsobservasjon etter oppsett plan neste skuleår, og arbeidet for å utvikle eit godt system for observasjon vil halde fram komande skuleår.

Dei fleste lærarane fekk gjennomført observasjon ein gong i løpet av skuleåret. Men me fekk ein bråstopp då nesten heile personalet vart smitta av covid-19 i løpet av ein periode på nokre veker i februar/mars. Her ønskjer me å halde fram utviklinga og at lærarane får fleire observasjonar gjennom skuleåret.

4.2 *Leiing*

4.2.1 Organisasjon

Strategisk bruk av ressursar

Ogna skule er godt dekka av kvalifiserte pedagogar skuleåret 2022-2023. Men pga. permisjonar har me tilsett ein vikar midlertidig. Når det gjeld etter- og vidareutdanning, så har skulen prioritert leiarutdanning av lagleiarane og engelsk på barnesteget. Komande skuleår skal to av lærarane våre ta vidareutdanning i engelsk 1-7.

Rekruttering

Ogna skule har vore praksisskule sidan 2018, og me er nyleg godkjent for ein ny periode fram til 2026. Me har tre praksislærarar som i forkant har teke relevant praksislærarutdanning, og som skal vere praksislærarar skuleåret 2022-2023. Det å vere praksisskule har gjeve oss tettare band til studentmiljøet på UiS, og me har no blant anna lærarstudentar inne som vikarar.

Felles reglar, rutinar og standardar

Alle reglar, rutinar og standardar har blitt samla i «Springbrett for Ogna skule» i løpet av dei siste skuleåra.

Samarbeid med andre

Ogna skule er ein del av nettverket til dei kombinerte skulane i Jærskulen. Her er det med kombinerte skular frå kommunane Gjesdal, Klepp, Time og Hå. Skulen har også godt samarbeid med andre instansar i Hå kommune som barnevern, PPT og skulehelsetenesta.

Etter behov har me blant andre samarbeid med HABU og BUP.

4.2.2 Leiing

Leia lærarane si læring og utvikling

Ogna skule har sett av fast tid kvar tysdag til pedagogisk utviklingsarbeid (PU-tid) der medskaping er hovudarbeidsmåte. Temaa i desse øktene er i hovudsak skulen sine satsingsområde. Det er leiinga som står i bresjen i dette arbeidet. Me meiner det er

heilt avgjerande at leiinga på skulen står i front og er pådrivarar i alt utviklingsarbeid som går føre seg på skulen.

Forsikre seg om kvaliteten på undervisninga som vert gitt

Me har i periodar hatt klasseromsobservasjon. Dei fleste lærarane har hatt ein periode der lagleiar eller rektor har observert i klasserommet. Me vil arbeide for å få dette inn i eit godt system framover.

Sikre eit velordna og trygt læringsmiljø

Skulen har eit godt system for å vera tett på elevane, med blant anna loggbok kvar veke. Dei vaksne skal også sikra at alle elevane har nokon å vera saman med i friminutta.

På Ogna skule har me nulltoleranse for mobbing og andre krenkingar.

4.2.3 Profesjonsutvikling

Me har årsplan for PU-tida, som sikrar kontinuitet i utviklingsarbeidet. Leiinga er medvitne på at lærarane arbeider på tvers av hovudtrinn, slik at dei lærar heile organisasjonen å kjenna.

Me legg vekt på utviklingsorienterte økter rundt skulen sine satsingsområde. Førebuingsmateriell vert i hovudsak gitt i god tid, slik at lærarane møter førebudde til øktene. Då ligg det også betre til rette for medskaping hjå alle deltakarane.

Me har eit godt system for rettleiing av nyttilsette der rettleiar har relevant kompetanse. Rettleiingsøktene ligg fast på timeplanen til den nyttilsette.

Laga har trinn- og lagtid tilsvarende PU-tid. Her vert det gjort utfyllande arbeid i høve satsingsområda som er gjort i PU-tida. Det er viktig å balansere tida ein bruker til utvikling og drift.

4.3 Undervisning

4.3.1 Grunnleggjande læringsprosesser

Trenden i tilbakemeldingane frå elevane er veldig positive når me ser elevundersøkinga under eitt. Dette gjeld både på 7. og 10. trinn. Her ser me at elevane gjev uttrykk for stor grad av elevmedverknad, og at det skjer gode prosessar i klasserommet grunna positive relasjonar til lærarane.

Gjennom dialogbasert undervisning og klassromobservasjon er målet at elevane skal få ei endå meir motiverande undervisning.

4.4 Læringsresultat og læringsmiljø

4.4.1 Eleven si læring og utvikling

Læringsmiljø

Me ser stor framgang for Ogna skule i 2021-2022 når det gjeld utviklinga innafor læringsmiljø. Ifølgje elevundersøkinga er det lite mobbing, god relasjon til lærarane, elevane er interesserte i å læra på skulen, og dei gler seg til å gå på skulen.

Læringsresultat

På Ogna skule ser me no ein trend over tid at resultata på kartleggingsprøvane og dei nasjonale prøvane utviklar seg i positiv retning. Det mest positive inneverande skuleår er resultata på 8. trinn. Det viser at det faglege trykket på mellomsteget byrjar å gje resultat. Men me hadde ein dupp på 5. trinn, som me håpar var eit eingongstilfelle.

Det er også ei gledeleg trend at resultata på kartleggingsprøvane på 1. trinn no ligg på eit stabilt høgare nivå enn tidlegare år.

Grunna koronautbrotet har me ikkje hatt eksamen for elevane, korkje i 2020 eller 2021, og det vart heller ikkje eksamen i 2022. Men me ser at læringsresultata samla sett for elevane på Ogna skule fortsatt utviklar seg i positiv retning.

5 Mål og tiltaksplan

Mål: Dialogbasert læring i eit inkluderande fellesskap

Effektmål	Tiltak	Suksesskriterium	Evaluering
Dialogbasert undervisning i eit inkluderande fellesskap	Dialogbasert undervisning i alle fag	Planlegging og evaluering kvar veke. Evaluering basert på utprøving og erfaring	Gjennom året i PU-tida. Justere kurSEN kontinuerleg
	Elevmedverknad	Ekspertgruppe i klassen er med og evaluerer kvar veke. Gjennom året skal alle elevane vere med i ekspertgruppa	Gjennom heile året
	Planlegge i faggrupper i PU-tida	Dele med kvarandre, og utfordre kvarandre på kva som gjev god effekt	Gjennom heile året
	Bruk av digitale verktøy for å fremme dialogbasert undervisning	Få fram elevstommen. Tema på kommunale lærarsamlingar. Deling m/kvarandre DigUp	PU-tida
	Kritisk tenking	Aktive elevar som utforskar etablert kunnskap gjennom kreative prosessar	I ekspertgruppene gjennom skuleåret
	Observasjon i klassane. Følgje opp med refleksjonssamtalar	Utfordre kvarandre i refleksjonssamtalen	Heile skuleåret
	Alle lærarane skal få klasseromobservasjon minst ein periode pr. halvår. FørsamtaLE og refleksjonssamtale i etterkant høyrer med.		

6 Vedlegg

- Vedlegg 1: Elevundersøkinga 2021 - 7. trinn
- Vedlegg 2: Elevundersøkinga 2021 - 7. trinn, motivasjon
- Vedlegg 3: Elevundersøkinga 2021 - 10. trinn
- Vedlegg 4: Elevundersøkinga 2021 - 10. trinn, motivasjon
- Vedlegg 5: Elevundersøkinga 2021 - utvikling på 10. trinn
- Vedlegg 6: Nasjonale prøvar i engelsk 2021 - 5. trinn
- Vedlegg 7: Nasjonale prøvar i lesing 2021 - 5. trinn
- Vedlegg 8: Nasjonale prøvar i rekning 2021 - 5. trinn
- Vedlegg 9: Nasjonale prøvar i engelsk 2021 - 8. trinn
- Vedlegg 10: Nasjonale prøvar i lesing 2021 - 8. trinn
- Vedlegg 11: Nasjonale prøvar i rekning 2021 - 8. trinn
- Vedlegg 12: Nasjonale prøvar i lesing 2021 - 9. trinn
- Vedlegg 13: Nasjonale prøvar i rekning 2021 - 9. trinn
- Vedlegg 14: Kartleggingsprøve i lesing 2022 - 1. trinn
- Vedlegg 15: Kartleggingsprøve i rekning 2022 - 1. trinn
- Vedlegg 16: Dialogisk undervisning